



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
106/2022	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	29.11.2022
96/2022	Kommunestyret	PS	13.12.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Rikke Haagensen	FE-005	22/1369

ORDFØRARKJEDE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til vedtak

1. Det vert løyvd inntil kroner 200.000,- til kjøp av Ordførerkjede i Vaksdal kommune i løpet av 2023.
2. Det vert sett ned ei nemd med utspring i Formannskapet der ordørar, ein frå posisjon og ein frå opposisjon er med. Kommunedirektør er sekretær. Nemda skal
 - a. Gjennomføre innkjøp av Ordførarkjede til Vaksdal kommune.
 - b. Utarbeide retningsliner for bruk av ordførarkjede i Vaksdal kommune.
3. Nemda attendemelder javnleg til Kommunestyret.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 106/2022

FPØ - Behandling:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak fekk 3 stemmer (SV, SP, og Amalie Johnsen Lunde (H)) mot 4 stemmer (AP, FRP og Trond Olav Magussen (H)) og fall.

FPØ - Tiltråding/Vedtak:

Bakgrunn for saka:

Frå tid til anna kjem det spørsmål om kvifor ordførar i Vaksdal ikkje har ordførarkjede. Langt dei fleste kommunane i landet har ordførarkjede. Vaksdal kommune har ikkje, men fleire gonger i inneverande kommunestyre periode har det kome spørsmål, frå ulikt hald, om kvifor kommunen ikkje har ordførarkjede, og oppmoding om at dette bør koma på plass. Nokre har då argumentert for at ein kommune ikkje treng eit slikt symbol, medan andre tenkjer at det er identitetsskapande for innbyggjarane i ein kommune om ordførar har ordførarkjede. Sidan temaet om ordførarkjede har vore framme i ulike debattar heile inneverande valperiode, legg kommunedirektøren fram ei sak til politisk handsaming der ein tar stilling til kjøp av ordførarkjede i 2023 som vert til bruk for den til ei kvar tid sitjande ordførar i åra frametter.

Skildring av ordførarkjede

«Et **ordførerkjede** er et kjede som bæres av sittende ordfører i en kommune. Det er utsmykka med [kommunevåpen](#) og svært ofte andre symboler som representerer kommunens særpreg. Kjeder som maktsymbol går langt tilbake i tid, men i norsk sammenheng er ordførerkjedene et etterkrigsfenomen inspirert av tradisjoner fra andre land. Det er knytta mye stolthet til kjedene, men de er også ofte kontroversielle ettersom de kan være svært kostbare.

Den enkelte kommune bestemmer selv reglementet for bruk av ordførerkjedet. Noen er svært restriktive, og kjedet kan kun brukes på rådhuset under spesielle arrangement, mens det andre steder er vanlig å bruke det på alle arrangement der ordføreren har en eller annen form for offisiell rolle. I noen kommuner brukes det under kommunestyremøter, men dette er forholdsvis uvanlig. En uskreven regel er at man kun bruker kjedet i egen kommune; dersom det under spesielle omstendigheter er naturlig å bruke det i en annen kommune - for eksempel under høytidelig åpning av et interkommunalt prosjekt - avtales dette på forhånd.»

Saksutgreiing:

Det er stor skilnad i pris på ordførarkjeder, og som alt anna i samfunnet har også materialprisane her auka siste året. Dei enklaste og rimelegaste kjeda har kun kommunevåpen og kjede. Dersom ein ynskjer å ha med nokre lokale symbol i tillegg til kommunevåpen aukar sjølv sagt prisen noko. Ved kommune- og fylkessamanslåinga brukte Alver kommune rundt kr. 70 000 på sitt kjede – Vestland fylkeskommune var dyrast i landet med kr. 330 000.

Kommunedirektøren har god tru på at ein kan få eit fint kjede som viser fram identiteten til Vaksdal kommune innafor ei ramme på kr. 200 000,-.

Dette er ei sak som ein vanskeleg kan argumentera for berre med bakgrunn i fag, forskning eller vitenskap, all den tid saka i stor grad omfattar tradisjon, kultur og identitet. I slike saker kjem ein fort inn på det subjektive i kjensler og opplevelingar meir enn dei «kalde» fakta.

Eit ordførarkjede vil vere eit synleg kulturelt symbol. Det vil vera eit synleg symbol på sitjande ordførar sin valde posisjon. Vald av innbyggjarar og kommunestyre, og representant for alle desse i offentleg samanheng.

At «alle andre har», er aldri eit godt argument for noko. Men det er heller ikkje noko godt argument andre vegen. At langt dei fleste kommunane i Noreg har ordførarkjede gjev eit signal om at dette er vanleg. Dei nye kommunane og fylkeskommunane har vald å utforme nye kjede for den nye kommunen og fylkeskommunen. Dette seier noko om at det er vanleg å legge felles symbolikk, kultur og historie i eit

samlande symbol - ordførarkjedet.

I offisielle samanhenger vil eit ordførarkjede synleggjere ordførarar. Men like viktig, det vil vere identitetsbyggande for alle innbyggjarane i kommunen. Eit ordførarkjede symboliserar ikkje berre makt, men vel så mykje tradisjon, identitet og æra. Kommunedirektøren ser at eit ordførarkjede signaliserar ein framoverlent og stolt kommune.

Kommunedirektøren meiner å sjå ei auka sans for dempa symbolikk, kulturhistorie og identitet i landet vårt. Eit ordførarkjede er eit slikt symbol. I arbeidet med å opprette nye kommunar frå 1.januar 2020 vart det utforma nye kommuneåpen og laga nye ordførarkjeder.

Kommunedirektøren meiner at tida no er inne for at Vaksdal kommune ser den positive verdien eit ordførarkjede vil gje oss. Vi ynskjer å vere synlege, utvikle kommunen vår og møte framtida offensivt. Eit ordførarkjede vil aldri kunne gjere den jobben for oss, men det vil vera eit positivt symbol for oss, slik det er i langt dei fleste andre kommunar i landet.

Dersom det blir vedtatt å starte prosess med å lage ordførarkjede kjem det truleg ikkje på plass i inneverande periode. Vedtaket i saka må sjåast i perspektiv av komande ordførarar og den jobben dei skal gjera for å synleggjere Vaksdal dei neste valperiodane.